

483/4

Vi ber om at deler av utmarksarealet tilhørende 483/4 vert lagt inn som arealformål LNF spreidd næring. Dette fordi vi ønskjer å etablere 2-4 minihytter i området for utleige. Hyttene vil byggjast med så lågt som mogleg ingrep i naturen og med ein miljøvennleg profil på både materialbruk og drift. Områda som er aktuelle, avmerka på vedlagt kartutsnitt, ligg over og under eit område som i dag er avsett som Friområde. Hyttene vil såleis være nært knytta til dei flotte turareala vi har i området. Tilkomst til hyttene vil enten være via sti eller sjøvegen. Det er særst viktig for fremtidige generasjonar at det er mogleg å drive ulike attåttnæringar frå garden, særleg på små bruk som det her er snakk om. På den måten kan ein drifte og oppretthalde kulturlandskapet og matjorda, utan at det resulterer i økonomisk tap og nedlegging av gardsdrifta.

